

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.02.2017
SAKSHANDSAMAR: Toril Østvold/Hilde Cathrine Espeland/Hilde Christiansen
SAKA GJELD: **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF**

ARKIVSAK: 2012/461
STYRESAK: **026/17**

STYREMØTE: **07.03. 2017**

Administrerande direktør si orientering pkt. 4

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Vest RHF i møte den 3. oktober 2016, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Toril Østvold

Nestleiar: Hilde Cathrine Espeland

Medlem: Hilde Christiansen

Valstyret har fastsett valdagen til den 14. februar 2017. Valstyret har vedtatt at alle kunngjeringar om valet vil skje elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og vil skje ved postsending slik som før. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslårte på denne eine lista, valde utan at det blir gjennomført val.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval ble sett til 3. januar 2017. Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Den norske Legeforening, Fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund.

Frist for å komme med valliste var 24. januar 2017. Valstyret mottok ei felles liste frå Fagforbundet, Den norske Legeforening og Norsk Sykepleierforbund.

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. **Lise Strømme**, Helse Bergen, jordmor, KTV Helse Vest
2. **Bente Pilskog**, Helse Bergen, KTV Helse Vest
3. **Tom Guldhav**, Helse Førde, overlege

Varamedlemmar:

4. **Jan Erik Nilsen**, Helse Stavanger, sjefsnykepleier
5. **Arvid Storegjerde**, Helse Fonna, spesialhjelpepleier, klinikktillitsvalgt
6. **Tove Elise Johansen**, Helse Fonna, funksjonsleder
7. **Alexander Seldal**, Helse Stavanger, overlege
8. **Rolf Unneland**, Helse Bergen, driftsleder, FTV

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2017, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet vil bli kunngjort på Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Vedlegg: Protokoll frå valstyret Helse Vest RHF per 31. januar 2017.